



Jan Kristian Husa
Dalemarka 102
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9322 - 21/84768

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
15.12.2021

Førebels svar på søknad om endring av bygningskode - gbnr 321/30

Vi viser til dykkar søknad om endring av bygningskode frå kode 112 til 111 for bustad på gbnr 321/30 Dale nedre. Du skriv at bygget vart planlagt som generasjonsbustad, men er oppført som ei brukseining.

Det går fram av kommunen sitt arkiv at det vart gitt løyve til oppføring av bustad med 2 brukseiningar i 1995. Bygget er derfor registrert i matrikkelen med kode 112 – einebustad med hybel/sokkelleilighet. I 1997 vart det gitt mellombels bruksløyve for hovudhusværet som omfatta 1. etasje og loft. Vedlagt følgjer godkjende teikningar av bustaden.

For å få endra bygningskode kan det vera nødvendig å søkja om løyve etter plan og bygningslova. Vurdering av søknadsplykt må gjerast på grunnlag av korleis bygget faktisk er oppført. Du må derfor senda inn oppdaterte teikningar som viser korleis planløysinga for underetasjen er og gjera grei for når underetasjen vart innreia. Endringa kan du teikninga inn på dei godkjende teikningane som følgjer vedlagt.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar bustad - gbnr 321-30

Kopi til:

Mottakarar:

Jan Kristian Husa

Dalemarka 102

5918

FREKHAUG

